

## Møtereferat

Dato: 17.01.2018

Emne:	Referat prosjektgruppemøte - samarbeid skule/næringsliv Bømlo	
Til stades:	Tor Ivar Sandvik, Birthe Haugen, Asbjørn Mæland, Tor Gunnar Halleraker, John Ivar Alvsvåg, Paul Engseth, Lars Egil Vik, Erling Loddens (frå kl. 12).	
Forfall:		
Møtetid:	1045-1345	Møtestad: Rubbestadnes vgs Sak: 2017/4991-11

**Møteleiar:** Tor Ivar Sandvik

**Referent:** Tor Ivar Sandvik

### Referat første prosjektgruppemøte – samarbeid skule/næringsliv, 16. januar 2018

#### 1/18 - Presentasjonsrunde

Deltakarane i prosjektgruppa presenterte seg sjølve og sine forventningar til prosjektet.

#### 2/18 - Gjennomgang av mandat/oppdragsspesifikasjon

- Kva forstår vi med oppdraget?
- Forventningar?
- Arbeid med målbilde
- Vidare arbeidsform i prosjektgruppa

Alternative modellar må strukturerast på ein slik måte at opplæringa er adekvat etter næringslivet sitt behov, og sjåast i samanheng med elevane sine behov. Bindande avtalar med næringslivet blir viktig. Ein bør utvikle allereie eksisterande samarbeid. Eit sentralt spørsmål er kva del av opplæringa skal skje i skule og kva del skal skje i bedrift? Samhandling mellom næringslivet og den nye skulen på Bømlo må vere sterkt for å kunne gi vekselverknader.

Det blei vist til opplæringsmodell på Borgund vgs i Ålesund, der næringslivet har gått saman om å starte eit selskap, kjøpe inn produksjonsmidlar og vidare leaset til fylkeskommunen.

Fleire ungdommar fullfører fagbrev og går vidare på y-vegen. Prosjektet må også sjå på modellar som tek i vare eit mogeleg behov som kan gi studiekompetanse og yrkeskompetanse. Til dømes kan ein sjå mot eit treårigt integrert løp med TIP og påbygg. Laksevåg vgs har i fleire år hatt ei modell som kombinerer Elektrofag og Studiespesialisering (<https://www.hordaland.no/nb-NO/skole/laksevavgvs/studietilbud/elektrostudiekompetanse/>). TAF-modellen er også vere ein referansemodell.

Slåtthaug vgs har vekslingsmodell i tømrarfaget, og kan vere ein god referanse inn i prosjektet (<https://www.hordaland.no/nb-NO/skole/slathaugvgs/undersider/vekslingsmodellen--tomrarfaget/>).

I nærmiljøet blir det bygd eit forskingssenter, som vil ha behov for spesialisert kompetanse, som t.d. data-/programmeringskompetanse og undervannsteknologi.

Bedriftene lokalt er spissa. Opplæring på Vg1 og Vg2 er såpass omfattande at når lærlingane skal opp til fagprøve må dei vise kompetanse som ikkje har vore ein del av opplæringa i bedrift. Går det an å ha ein avtale/modell der eleven vekslar på å ha praksis på ulike plassar for å få ein breiare kompetanse enn kva t.d. den tradisjonelle vekslingsmodellen gir?

Kapasitet og areal i bedrift er avgjerande for utvikling av modellar. Tematikk som elevane sin kompetanse og modningsnivå, knytt til t.d. fagspesifikk kompetanse og HMS, må vurderast og takast høgde for i utvikling av modellar.

Prosjektgruppa foreslår å i første omgang sjå på modellar for TIP, Industriteknologi og maritime fag Vg2

Erling Loddan, deltakar i styringsgruppa, deltok frå klokka 12. Han presenterte seg sjølv og forventningar til prosjektet.

Diskusjon i vidare arbeid med forslag til modellar samarbeid skule/næringsliv:

- \* Kva kompetanse må elevane opparbeide seg i skule før praksis? Kva type kompetanse ønskjer bedriftene kompetanse innanfor?
- \* Elevar med svakare kompetanse og deira motivasjon?
- \* Vekslingsmodell der ein kan ende opp med yrkes- og studiekompetanse  
Ein modell som er knytt til TIP må ta høgde for ulike formar for lokalt arbeid med læreplan:
  - \* Med utgangspunkt i nasjonal og eksisterande lokal læreplan, kor mykje og kva kompetansemål kan leggast til opplæring i skule? Kor mykje kan ein legge til opplæring i bedrift?
  - \* Vurdering: Korleis løysar ein elevvurdering i tråd med læreplan og forskrift til opplæringslova?

Det blei vidare problematisert om ein modell som har eit auka timetal, med t.d. fire timer i veka, vil kunne ha betyding for innsøking. Deltakarane i prosjektgruppa meiner dette ikkje vil påverke søkerane negativt.

**3/18 - Oppfølging til neste møte**

- Oppdrag som må løysast til neste møte

**John Ivar Alvsåg** ser på læreplan i TIP, også med utgangspunkt i eksisterande lokal læreplan på Rubbestadnes vgs. Korleis kan ein strukturere eit løp med fordeling av kompetansemål i ein modell med integrert opplæring i bedrift?

**Tor Ivar Sandvik** begynner på prosjektplan.

**4/18 - Møteplan i prosjektgruppa**

Det blir sett opp månadlege møte i prosjektgruppa. Det er eit ønskje med fysiske møte der det er behov for samhandling. Møte som berre krev avklaringar eller mindre diskusjonar bør takast digitalt.

Ansvar tentativ møteplan: **Tor Ivar Sandvik**

Tor Ivar Sandvik melder inn til styringsgruppa at det er ønskje om eit felles møte mellom prosjektgruppa og styringsgruppa den 30. januar, eit allereie planlagt møtepunkt for styringsgruppa. I eit slikt møte arbeidar prosjektleiar saman med leiar av styringsgruppa for å få presentasjonar frå Slåtthaug vgs og Laksevåg vgs om korleis dei har løyst sine respektive modellar. Prosjektgruppa kan jobbe vidare med oppdraget etter ev. presentasjonar frå skulane.